

...STARTEN PÅ EIT GODT LIV...

ÅRSPLAN ØYGARDANE 2012

Avdeling Teigen: 1-2 år
Avdeling Skimten: 3-5 år

Informasjon om Øygardane barnehage / Gol barnehage finn de på Gol kommune sine heimesider: www.gol.kommune.no



PLANLEGGINGSDAGAR 2012:

- Fredag 18.05.
- Onsdag 15.08. og torsdag 16.08.
- Måndag 12.11. og tysdag 13.11.

FORELDRESAMARBEID (sjå også Gol barnehage sin fellesårsplan)

- Dagleg kontakten mellom personalet og foreldra. Foreldresamtalar om kvart enkelt barn 2 gonger i året, oppstartsamtale for nye barn og 2 foreldremøter
- Foreldrecaffi, julefrukost.
- Juletefest fyrste sundag i desember og sommarfest i regi av foreldregruppa.

MÅLSETTING FOR ARBEIDET VÅRT:

Formålsparagrafen i barnehageloven seier at barnehagane skal ivareta formålet gjennom **omsorg, leik, læring og danning**. Danning skjer i samspel med omgivnadene og med andre. I rammeplan for barnehagen står det at «Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samtidig rommar danning alt dette.» Øygardane barnehage vil legge vekt på **trivsel**, som vi meiner skjer viss barna får omsorg, opplever likeverd og danning. Trivsel er viktig for all positiv læring. Trivsel gir barnet motivasjon til å søke nye erfaringar med dei menneska som de omgir seg med, og nye erfaringar gir barnet ny læring om seg sjølv og omgivnadene. Personalet meiner for å oppnå trivsel hjå barn trenger dei oppleve **trygghet**.

For å oppleve trygghet må barnehagen legge forholda til rette for dette:

- Gode rutinar og god organisering
- Tydelege vaksne og tydelege grenser
- Godt foreldresamarbeid og foreldre medverknad.

Trygge barn får vi når vaksne gir:



Med trygge barn, vil barn trives i barnehagen; Når barn trives:



SATSINGSOMRÅDE 2012

Prosjektet «Felles løft for tidleg innsats - språkleg og sosial utvikling hjå førskulebarn» fortsett i 2012. Prosjektet er ein felles satsing for alle barnehagane i Gol og Hallingdal, og er eit tverrfagleg samarbeid med PPT, helsestasjon og barneverntenesten.

I 2011 har hovudmåla vore å bevisstgjere personalet på eigen praksis i forhold til ny kunnskap, og lære om generell og avvikande språkutvikling. Barnehagane vil bruke observasjonsmetoden TRAS som står for Tidleg Registrering Av Språkutvikling – i dagleg samspel. Personalet får ved systematisk observasjon vite kva barna kan, og kva dei treng å bli stimulert ekstra i for å få ein best mogleg språkutvikling. Språkleg og sosial utvikling har ein gjensidig påverknad, så satsing i 2012 vil i tillegg omfatte normal og avvikande sosial utvikling for å sjå heile barnet i samanheng.

Øygardane barnehage vil ha fokus på korleis barnehagen kan legge til rette for godt språk miljø i barnehagen. Vi veit at språk og sosiale vanskar ofte henger saman, eit tiltak for sosiale vanskar er å arbeide med språk. **Vi meiner at:**

- **Språk er NØKKELEN til FELLESKAPET**
- **Språk er å formidle MENING**
- **Språk gir EIGENVERD ("Utan språk er tankane og følelsane bare dine egne")**
- **Språk er - talespråk, teiknspråk, kroppsspråk, skriftspråk.**

Vi vil jobbe med dette i barnehagen:



INNHALD MED FAGOMRÅDE:

Rammeplan for barnehagen er delt inn i 7 fagområde, desse skal barnehagen vera innom gjennom året. Fagområda kjem fram i leik, kvardagsaktivitetar og vaksenstyrte aktivitetar.

I Øygardane har vi valt temaene; **eventyr og vann**. Vi ynskjer og gi barna opplevingar\erfaringar med tema med ulike vinklingar. Barna skal få oppleve tema gjennom temasamlingar med fokus på å skape ein god atmosfære og på trivsel hos barna. La barna få medverke på samlingane.

Gol barnehage avdeling Øygdane barnehage

Barna har rett til medverknad. Månedane er planlagt av vaksne, men blir vidareutvikla av barna ut i frå kva dei har behov og interesse for. Vaksne må ha ein god relasjon for og sjå og tolke barna sitt kroppsspråk kva dei meiner, og kunne samhandle med dei.

Grunna ulik alder og progresjon vert tilnærminga noko ulikt. I temaplanen nedanfor viser vi delar av det vi skal jobba med gjennom året.

I tillegg kjem dei faste vekentlege aktivitetane som utedagar, grupper på tvers og felles song- og musikkksamlingar.

Kvar månad kjem det månadsplan der det står meir detaljert om kva og korleis me jobbar, samt evaluering av forgje månad. Sjå og "**Dagen i dag**" om informasjon på kva vi har gjort i løpet av dagen.

Mnd	Tema	Kva vil vi ha fokus på:	Fag områdene
Jan \ feb	Eventyr Karneval (17.02), Fastelavn	Dramatisere, sjå film, lese eventyr, lydbok, lage eventyr figurer (Forming), gå på tur i skogen, eventyrløype	Kommunikasjon, språk og tekst Kunst, kultur og kreativitet
mars \ april	Vann; snø og is Vinterfestival Påske	Ski – Solseter, Aking i skiheisen, male på snøen, lage is skulpturar, lys lykter, leike i snøen. Snø som smeltar – la barna få lov til å leike med vann. Kva kan vi bruke vann til?	Kropp, helse og miljø Etikk, religion og filosofi Tall, rom og form Natur, miljø og teknikk
mai	Vann; vann i naturen. 17. Mai	Nytt liv, Forandringar i naturen, undring/utforske	Nærmiljø og samfunn Kunst, kultur og kreativitet Natur, miljø og teknikk
juni	Vann; nytten av vann.	Leik med vann, Utrykkingskjøretøy (Brannbil), utforske kva kan vi bruke vann til?	Kropp, rørsle og helse Nærmiljø og samfunn
juli	Sommer barnehage	Leiken – bli kjent med nye barn.	
aug	Tilvenning	La barna bli kjent med barnehagen - Lokalet, barna, personalet, uteområdet	Nærmiljø og samfunn Kommunikasjon, språk og tekst
sep.	Teigen: Tilvenning – haust Skimten: Haut	Forandringar i naturen om hausten Kva gjør vi om hausten?	Natur, miljø og teknikk Nærmiljø og samfunn
okt.	Forut prosjekt	Bruke Forut sitt materiell Kunstutstilling \ internasjonal lunsj Foreldresamankomst Bli kjent med Hallingdals kulturen og dei ulike kulturar vi har i barnehagen	Kunst, kultur og kreativitet Etikk, religion og filosofi Nærmiljø og samfunn
nov	Vann; Snø og is. Førebuing til advent	Kva skjer når det blir kaldt?	Etikk, religion og filosofi Kunst, kultur og kreativitet
des.	Advent \ jul	Lage ein rolig og triveleg tid i barnehagen. Julefrukost, Nissefest, Julevandring i kyrkja	Etikk, religion og filosofi Kunst, kultur og kreativitet

EVALUERING:

KVEN	NÅR	KVA, TEMA	KORLEIS
Barna	Heile året. \ Vinter 2011	Trivsel, vennskap, medverknad og leiken blant barna	Samtale med førskulegruppa Observasjon og refleksjon mellom personalet på møter i barnehagen
Foreldra	Gjennom heile året	Tema på foreldremøte Gruppeintervju	Foreldremøte, samtalar, og den daglege kontakten mellom heim og barnehage.
Personalet	Gjennom heile året	Innhaldet i årsplan	Planleggingsdagane, personal- / avdelingsmøter og ped.leiar møte. Evaluering på månads brev.

Gol barnehage avdeling Øygardane barnehage